



Hans Martin Hvidsten
Kvamsvegen 62
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15744 - 20/64907

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
15.10.2020

Vedtak om omgåande stans i arbeidet og tvangsmulkt – varsel om retting og tvangsmulkt - gbnr 141/6 Kvamme nedre

VEDTAK OM OMGÅANDE STANS I ARBEIDET OG TVANGSMULKT

Vi pålegger at du stansar arbeidet omgåande. Om nødvendig må området sikrast på forsvarleg måte. Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom. Vi vedtek samtidig ei tvangsmulkt på 500kr per dag som forfell til betaling dersom du ikkje stansar arbeidet omgåande. Det må sendast inn dokumentasjon/bekrefting på at arbeida er stoppa.

Kommunen viser til vårt brev av 17.09.20 med førespurnad om mogleg ulovleg tilfelle, samt dykkar tilsvar av 30.09.20.

Utgreiing av tilfellet

Kommunen var på synfaring på «travvegen» den 09.10.20 for å undersøke saka. På platsen stadfesta vi at det var utført eit større terrenginngrep i form av ein planering og lagring av massar.

Vi finn at det er utført terrenginngrep på eigedommen, utan at det ligg føre søknad om løyve til tiltak. Terrenginngrepet er søknadspliktig, da det ikkje går som eit mindre tiltak som er unntatt søknadshandsaming. Tiltaket er vidare i strid med byggegrensa i mot vassdrag i kommuneplanens arealdel § 2.6.1.

Frist for stans av arbeid

Du må stanse arbeidet **omgåande**.

Det må sendes inn dokumentasjon/bekrefting på at arbeidet er stoppa.

Frist for retting

Du må rette det ulovlege tilfellet **innan 09.12.20**.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Dette er et førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge deg å rette opp det ulovlige tilfellet. Det betyr at dersom du ikkje rettar tilfellet innan fire veker, vil du få eit nytt brev der vi pålegg deg å retta forholdet. Fristen i pålegget vil være den same som i dette varselet.

I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell om ein ikkje heldt fristen i pålegget.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkomme, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Korleis kan du rette opp i det ulovlege tilfellet?

Retter du opp det ulovlege tilfellet, unngår du pålegg og tvangsmulkt. **Du kan rette opp det ulovlege forholdet ved å fjerne massane og tilbakeføre området til slik det var før massane vart tilført.**

«Tilbakeføring» betyr at eigedommen må sjå ut som den gjorde før du satte i gong med det ulovlege arbeidet.

Du er sjølv ansvarleg for å gje beskjed til kommunen om at tiltaket er fjerna.

Førehandsvarsel om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at vi vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf §32-8 fyrste ledd bokstav b). Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Bakgrunn for førehandsvarsel om gebyr for brot

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at

«aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»

Vi er av den oppfatning at brotet i dette høvet er forsettlig eller uaktsamt fordi tiltakets storleik gjer at tiltakshavar burde ha undersøkt meir før arbeidet var igangsatt. Dette forsterkast særleg fordi terrenngrepet ligg i og ved vatn.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt oss innan tre veker. Ein uttale utsett ikkje fristar gitt i dette brevet.

Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Regelverk

- Plikten til å søke om terrenginngrep framgår av plan- og bygningsloven § 20-2 jf. § 20-1.
- Plan- og bygningsetatens rett til å gi stopppordre kjem fram av plan- og bygningslova § 32-4.
- Kommunen har anledning til å gje pålegg om å rette det ulovlege forholdet etter plan- og bygningsloven § 32-3 første ledd.
- Kommunen har anledning til å vedta tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven § 32-5.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarse eventuelle vedtak framgår av plan- og bygningsloven § 32-2.
- Vi kan gje forelegg etter pbl. § 32-6.
- Vi kan politianmelde tilfellet etter pbl. § 32-9.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter pbl. § 32-3 fjerde ledd.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningsloven § 28.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar på tlf. 56375636 eller på e-post post@alver.kommune.no, om du har spørsmål. Husk å skriv saksnummer i emnefeltet.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Du kan klage på vedtaka

Vedtaket om krav om stans i arbeidet og vedtaket om tvangsmulig er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vi gjer for ordens skyld oppmerksom at det ikkje er klagerett på førehansvarselet i dette brevet. Men dersom vi følger opp førehandsvarslet med eit pålegg, så kan pålegget klagast på.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bs Vest AS

Valavegen 99

5355

KNARREVIK

Mottakarar:

Hans Martin Hvidsten

Kvamsvegen 62

5911

ALVERSUND